

# RADAR

NR. 2 — 2022 · 38. ÅRGANG · KYRKJEBLAD FOR RADØY SOKN



# – Berre gode minne frå konfirmasjonstida

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**Venninnene Signe Sofie Grindheim og Martine Fjeld er samstemte om det meste, og i alle fall om dette: – Kjell og Wilco har lært oss mykje, og dei er utruleg kjekke!**

Oppkøringa til konfirmasjonsdagen denne våren har ikkje vore den enklaste verken for konfirmantane eller dei som har stått for undervisninga. På Radøy er det sokneprest Kjell Sekkingstad og kyrkjelydspedagog Wilco Vogelaar som har gitt konfirmantane nyttig påfyll om bibelhistoria og andre historier.

– Dei er veldig inkluderande og har kome med mange artige forteljingar, som ikkje nødvendigvis dreier seg om religion, seier Martine og Signe Sofie.

Vi møter dei to 14-åringane, som går på Radøy ungdomsskule, i Manger kyrkje når dei saman med dei andre konfirmantane prøver dei kvite kappene og øver på korleis dei skal gå fram til alteret på sjølve konfirmasjonsdagen.

Signe Sofie er frå Langhøyane på Manger og Martine bur på Helland. Dei to venninnene er mykje saman på fritida også, både på Radøy FK sitt Jenter 15-lag og i Manger Skulemusikklag.

## – Aldri ei kjedeleg stund

– Korleis vil de oppsummera konfirmasjonstida?

– Det har vore ei koseleg tid. På grunn av koronaen måtte vi dela den store gruppa etter klasseinndelinga på skulen, og då kom vi litt tettare på kvarandre, seier Signe Sofie.

I tillegg til undervisninga, der Wilco gjerne har fortalt bibelhistorier og Kjell har forklart om f.eks. Kristuskransen, har dei sett pris på det sosiale på slutten av samlingane.

– Å sitja saman i ein ring, tenna lys og syngja har vore kjekt. Kaker, bollar og saft i tillegg har gjort samværet ekstra hyggeleg. Det har aldri vore kjedeleg, seier Martine.

## Draum om å bli pilot

No er dei begge konfirmerte. Kva framtida vil bringa, er dei naturlegvis spente på. Livets mange mogelegheiter er både pirrande og utfordrande. Når Radar spør om kva draumar dei har for framtida, kjem det raskt frå Signe Sofie:

– Eg har lyst til å bli pilot!

– oi! Kvifor det?

– Eg har reist veldig mykje, alt frå eg var to år gammal. Det er veldig spennande å dra på tur. Eg har fløge til mange stader.

– Har du nokon gong vore inne i ein cockpit?

– Nei, men kanskje eg jobbar der ein dag, seier ho, med eit



Det er viktig at kappene passar. Her prøver Signe Sofie Grindheim (t.v.) og Martine Fjeld ulike kapper, for å finna rett storleik før konfirmasjonsdagen.

godt smil om munnen.

Martine er litt meir usikker.

– Eg har ingen konkrete planar, men eg har lyst til å jobba med menneske, seier ho.

## Dumt at leiren blei avlyst

Forventningane til sjølve konfirmasjonsdagen er store hjå dei to 14-åringane.

– Eg gler meg til å pynta meg med bunad og treffa dei andre konfirmantane i kyrkja. Det blir stort, eg trur faktisk eg kjem til å grina i kyrkja. Men eg ser også fram til å treffa familien min og venene mine etterpå, fortel Martine.

– Kva med gåver? Sparar de til noko spesielt?

– Ikkje for min del, eg trur kanskje det blir å leggja seg opp litt pengar til eg skal ta lappen om nokre år, eller kanskje ein ny mobil før det, seier Signe Sofie.

– Eg har lyst til å ta lappen for lett motorsykkel, men eg får sjå. Det er uvisst, er Martines kommentar.

Begge synest det er dumt at årets konfirmantleir blei avlyst grunna korona-epidemien. Det plar vera høgdepunktet i konfirmantane si oppkøring til konfirmasjonen, men – som Martine seier:

– Det har skjedd verre ting under pandemien enn at vi måtte avlysa leiren vår. No er vi i alle fall konfirmerte!



– Det er høgtideleg og fint å bli konfirmert, meiner Martine (t.v.) og Signe Sofie.

# Myldregudsteneste

Tekst: Gunnar Kartveit

Foto: Håkon Glatved-Prahl

Born i alderen 0-3 år var spesielt inviterte til myldregudsteneste i Manger kyrkje søndag 1. mai. Mange kom og var med på denne gudstenesta tilrettelagt for born. Dei som er med på Babysong på tysdagar, kunne kjenna att element av det som skjer der – songar som hjelper til å verta kjend med seg sjølv, og som gjev kjennskap til dyr og natur, og til Gud.

Uttrykket myldregudsteneste signaliserte at her kunne ein røra på seg og gå litt rundt. Det skjedde på ulike måtar. Dei minste borna kom fram i midtgangen og deltok i songstund der. Under forbøna kunne alle gå til ulike stasjonar i kyrkja: Framme i kordøra kunne ein finna ein tråd i den fargen ein ønskte, hengja han på eit lite tre og be ei bøn. Ein annan stad kunne ein setja fingeravtrykket sitt på ei plate og vita at ingen andre har akkurat det avtrykket. Og bak i kyrkja var der ein spegel der ein kunne sjå eit perfekt skaparverk – seg sjølv!

Dette var både myldring og gudsteneste. Like fullt: Alt gjekk føre seg med ro, vryrdnad og orden.

På veg ut litt påfyll i form av saft, kaffi og kaker – og ein prat.



Tvillingane Helge (til v) og Jakob Juul Urnes ser seg sjølve og kvarandre i spegelen. Over den står det: "Du er skapt i Guds bilete. Skapt heilt perfekt."



Aletta Elisabeth Kartveit ser spegelbiletet sitt. "Du er elska av Gud" står det nederst på biletet.



# Sidan sist –



**Verdiar** var sentralt tema på gudstenesta i Manger kyrkje 27. mars. Cecilie Leganger og Thor Sommersteth samtalte om kva som er viktig for oss. «Det er kjekt å vinna handballkampar, men venskap og det å ta vare på kvarandre er mykje viktigare,» sa Cecilie Leganger, den beste handball-keeperen i verda. «Som lag er det viktig å løfta kvarandre, og unna andre at det går dei godt. Respekt tyder å sjå ein gong til. Då kan me også sjå verdien i at me er ulike.»

Og så sette ho seg til flygelet og spelte eigenkomponerte «Reise», eit musikkstykke om reisa gjennom livet, tileigna hennar eigen far.



Det er i år **100 år** sidan folk for første gong kunne gå til val av sokneråd. Sidan 1922 har folk flest si stemme kunna la seg høyra saman med presten si røyst.

Det var i 1856 Stortinget fekk det første framlegget om å innføra sokneråd. Men det skulle gå 66 år før dette vart ein realitet, så ting tok tid den gongen óg.

Her lokalt vart jubileet markert på ei samling for alle sokneråda i Alver – med song og god kake frå Aufera!



**Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon** gav rekord-resultat på Radøy: 94.158 kr! I heile Alver vart det samla inn 304.783, og på landsbasis er det tett oppunder ny rekord med 35,6 millionar! Dette er pengar som kjem vel med både for ukrainarar og andre som ventar på tryggleik, reint vatn og rettferd. Karoline Fjeld, Martine Fjeld og Signe Sofie Grindheim (biletet) var mellom dei mange som gjekk med fastebøsser. TAKK til alle som gav og alle som gjekk, for organisering og tilrettelegging.



**Skjærtorsdag** samlast mange til kveldsmat i Kyrkjestova etter kveldsgudstenesta i Manger kyrkje. Påsmurte rundstykke og fellesskap med god prat er oppskrifta på ei fin avslutning av skjærtorsdags-kvelden.

# Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Gunvor Taule Mjanger

- Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?
  - Det er vel dei siste 6-8 åra at eg har vorte ein litt meir aktiv kyrkjegjengar i samband med skyss til og frå gudstenester av nokre seniorar som elles ikkje hadde kome seg ut så lett.
  - Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?
  - Kanskje stabiliteten til ein del faste kyrkjegjengarar som kjem på dei fleste gudstenestene.
  - Korleis vil du skildra kyrkja?
  - ”Kyrkja den er eit gammalt hus”, syng me. Kapellet på Apalen er ikkje så gammalt. Det vart vigsla i mai 1978 og i stor grad bygd på dugnad av bygdefolk. Det er kapellet eg i størst grad nyttar meg av i gudstenestesamheng. Kanskje ikkje så unaturleg, når det ligg i bygda eg er busett i.
  - Er det ein salme du likar godt?
  - Med krigen som rasar i Ukraina og andre stader på jorda, er det ikkje så unaturleg å tenkja på salmen Gud signe vårt dyre fedreland. Tydelegvis er det ingen sjølvfølge å kunna bu og leva i eit fritt og demokratisk land slik me gjer i dag. Elles er Deg vere ære, Herre over dødens makt, noko av det mest sentrale tema i det kyrkja er tufta og bygd på.
  - Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?
  - God stemning ved borda og drøsen går kring kaffikoppen, om laust og fast.
- Plutseleg har klokka vorte så mange at det er tid for å forlata ”Guds-huset” for å gå heim til søndagsmiddagen.



**Sverre Solberg, 69 år, bur på Mundal,** på eit småbruk med sauer. Jobbar på Kart og oppmåling i Alver kommune. 1. varamedlem i Osterfjorden sokneråd.



**Bufetat**

**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg? No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærrområde.**

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimsteneista i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

[fosterheim.no](http://fosterheim.no)



**En ferie  
å glede  
seg til**

Illustrasjonsfoto

**Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig**

**VIPPS** en gave til **13130** (merket FERIE) eller gi på konto **3201 52 74165**

**+** **Blå Kors**

**Knarvik Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)



**Etikk, takk!**

## – Pandemien sette oss på ei hard prøve

– Å få tak i kompetente fagfolk, som for eksempel sjukepleiarar og fastlegar, er blitt ei utfordring dei seinare åra, seier melandbuen Leni Dale, kommunalsjef for helse og omsorg i Alver kommune.

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

**– Covid-pandemien er den største etiske utfordringa eg har opplevd som leiar. Det var sårt å måtte ha besøksrestriksjonar for pårørende som ønskte kontakt med sine kjære på institusjonane våre då smitten herja som verst.**

Det seier Leni Dale. Ho er kommunalsjef for helse og omsorg i Alver kommune.

– Utan ein formidabel innsats frå dei tilsette, og det faktum at vi var heldige, kunne koronaen fått langt meir alvorlege konsekvensar blant bebuarane enn det vi opplevde. Vi hadda faktisk ikkje eitt einaste smittetilfelle på sjukeheimane eller i omsorgsbustadene våre i den mest kritiske fasen då epidemien spreidde seg i mange av landets institusjonar, seier Dale.

Vi møter leiaren for den største kommunale sektoren i Alver på rådhuset i Knarvik. Her har Leni Dale hatt jobben som kommunalsjef sidan 2015, først i Lindås kommune og frå 2020 i nye Alver kommune. At helse- og omsorgssektoren blei dobla nærmast over natta, var ei krevjande overgang.

– Ei av dei største utfordringane var å få på plass eit nytt pasientjournalssystem for pleie- og omsorgssektoren. Systema var ulike i Meland, Radøy og Lindås, så det var særst viktig å bygga eit nytt system for heile den nye kommunen. Dette dreier seg jo om pasientdokumentasjon, så ein kan ikkje feila på slikt, seier ho.

### **Seks tenesteområde**

Leni Dale er ansvarleg for seks tenesteområde; sjukeheimar, heimetenester, habiliteringstenester, lege og rehabiliteringstenester, psykisk helse og rus, og Nav. I tillegg kjem forvaltningskontor og ein stab som jobbar med fagutvikling og støtte.

– Det er forvaltningskontoret som tildeler sjukeheimsplassar. Kor krevjande er den jobben?

– Tildeling av sjukeheimsplassar blir gjort etter ei samla vurdering, som det heiter, ut frå fleire tilhøve. I dag har vi totalt 182 sjukeheimsplassar, fordelt på Knarvik sjukeheim, Radøy velferdssenter på Manger, Meland sjukeheim og Lindås bu- og servicesenter. Det er til ei kvar tid mellom seks og ni innbyggjarar på venteliste for langtidsplass.

– Dei får vel likevel hjelp på eit vis?

– Ja, naturlegvis! Ingen skal bli overlatt til seg sjølve. Alle skal få forsvarleg hjelp av helse- og omsorgstenesta, enten i sin eigen heim, eller i omsorgsbustad med bemanning, som pr. definisjon er «eigen heim». Det kan også vera aktuelt med korttidsopphald på sjukeheim i påvente av ledig langtidsplass.

### Større avstandar

Dale opplyser vidare at Alver kommune i tillegg til sjukeheimplassar har 55 plassar på noko som heiter Omsorgsbustad Pluss. Det betyr bustad med bemanning heile døgnet.

– Desse omsorgsbustadene kan minna litt om korleis sjukeheimplassane var for nokre år sidan. Skilnaden er at det ved dagens sjukeheimplassar er behov for meir medisinsk oppfølging av brukarane.

– Alver kommune femner over eit stort geografisk område. Det betyr vel at ein innbyggjar frå til dømes Romarheim kan bli tildelt sjukeheimplass på Manger?

– Ja, det kan skje. Vi har dei plassane vi har, og vi er nøydde til å bruka ny, ledig kapasitet på dei som treng det mest, og då kan avstanden til pårørende bli lengre enn ønska. Men det som gjer meg verkeleg glad, er når eg får vita om pårørende som i utgangspunktet var negative og skeptiske til lange avstandar, i ettertid kjem og fortel kor nøgde dei er med tilbodet som vart tildelt, sjølv om det er langt unna. Det er faktisk ikkje så sjeldan eg får slike positive tilbakemeldingar.

### Kamp om fagfolka

– Kva vil du seia er den største utfordringa innan arbeidsfeltet ditt?

Leni Dale tenkjer seg litt om. Det er mange utfordringar, men ho landar på følgjande:

– Over nokre år no ser vi at det blir meir og meir vanskeleg å få tak i kompetente fagfolk innan fleire område, for eksempel sjukepleiarar og fastlegar. Før hadde vi gjerne godt med søkjarar til stillingar, no er det kanskje berre nokre få søkjarar til ein ledig stilling, og då har dei ofte søkt på fleire jobbar samstundes.

– Kva kan kommunen gjera med det?

– Då må vi sjå på kva tiltak som kan setjast i verk. Til dømes fleksible arbeidstidsordningar, løn, årsplanar, årsturnusar, langvakter, døgnturnusar, osv. Det er litt bekymringsfullt at vi slit med å skaffa nødvendig kompetanse, men dette er ei nasjonal utfordring som det vert arbeidd med også sentralt.

### Starta på Haukeland

Leni Dale starta sin yrkeskarriere som nyutdanna sjukepleiar på Haukeland Universitetssjukehus. Der jobba ho i 14 år før ho søkte seg nærare heimtraktene og vart tilsett som avdelingssjef, som stillinga heitte den gongen, ved Sæta bu- og servicesenter i Knarvik. Då hadde ho tre års røynsle som avdelingssjukepleiar på Haukeland.

I dag bur ho saman med mannen sin på Frekhaug, men skal om ikkje så lenge flytta tilbake til heimstaden Dale i Meland, der det gjenstår litt restaureringsarbeid før dei kan

flytta inn i det gamle gardshuset.

– Helse og omsorg er Alver kommune sin største sektor, med oppunder 1000 årsverk. Kva er det som triggjar deg mest i jobben?

– Det er utruleg spennande å jobba saman med så mange flinke medarbeidarar, eg har særst gode fagfolk rundt meg. Det triggjar meg å få vera med å utvikla tenestene våre – både gjennom planarbeid og anna forbetningsarbeid. At vi har mange unge lærlingar hjå oss, er også inspirerende.

### Stort etisk dilemma

– Litt tilbake til korona-pandemien. Korleis var det å gjennomføra dei strenge restriksjonane på institusjonane?

– Det var slett ikkje enkelt. Vi sat nærast med hjartet i halsen og frykta for kor tid dei første ville bli sjuke av viruset. På den eine sida skulle vi beskytta bebuarane, men samstundes ville vi ikkje ta frå dei gleden av å få besøk av pårørende. Det var eit skikkeleg etisk dilemma, seier Dale, og legg til:

– Pålegget om munnbind for dei tilsette, gjorde det ikkje enklare for bebuarane. At dei berre såg auga på pleiarane i løpet av ein heil dag – og kvar dag over lengre tid – var krevjande for begge partar. Viss du i tillegg er tunghøyrd, får du heller ikkje hjelp av å kunna lesa på munnen.

Dale er i dag glad for at ingen bebuarar på kommunens sjukeheimar eller omsorgsbustader vart smitta av korona i den tidlege og mest kritiske fasen av pandemien, i tida før vaksininene var tilgjengelege.

– Vi hadde eitt positivt tilfelle, som heldigvis viste seg å vera falskt då vi fekk svaret frå Haukeland.

### Går tur på Krossfjellet

– Til slutt, kva gjer du når du skal reinska tankane og fylla batteria?

– Då går eg tur på Krossfjellet. Eller kosar meg saman med dei tre barnebarna våre. Eller spelar fløyte i Meland Musikklag. Det siste har eg gjort heilt frå eg var ung, det har vore ein fritidssyssele som har gitt meg mykje, seier kommunalsjefen, som heilt på tampen vil gje ros til politikarane.

– I Alver kommune har vi svært interesserte og dyktige politikarar i helse- og omsorgsutvalet. Vi jobbar no tett med dei i samband med den nye kommunedelplanen for helse, sosial og omsorg. Det er også noko som gir meg energi, seier Leni Dale.



**VATNE**  
begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

**vatne-byra.no**

# Tar verda heim til oss via skjermen

Tekst og foto: Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

**Kjetil Iden frå Knarvik jobbar som utanriksreportar for TV2. I år har han vore meir på reise enn heime i Knarvik. Jobben har mellom anna ført han til område dekkja av jordskjelv og krigsherjingane i Ukraina.**

Du har kanskje sett Kjetil Iden på TV-skjermen, eller så har du møtt han på springetur ein stad i lokalmiljøet vårt. Han er ein aktiv mann som for mange er kjend frå TV2 sine reportasjar frå ulike land i verda. Han har jobba i tv-kanalen sidan år 2000, nesten heile tida som utanriksreportar.

– Kva er det med den jobben han trivest så godt med?

– Eg vart journalist for å reisa og dekkja viktige saker i utlandet. Med utdanning innan engelsk språk, historie og politikk, media og journalistikk, er eg interessert i å sjå og læra om korleis ulike land i verda løysar hendingar, korleis dei tenkjer om verda, fortel han.

Gjennom jobben har Kjetil dekkja krigar og jordskjelv, vore i mange land og mange ulike situasjonar. I år har han vore tre gongar i Ukraina, to før krigen braut ut, og ein etter. Når eg no skriv denne artikkelen ser eg Kjetil rapportera frå sin fjerde tur til Ukraina.

– Men korleis var det å vera i Ukraina før krigen braut ut - og etter?

– Det har pågått krig i Ukraina lenge. Stemninga før krigen braut ut no i februar, var nesten litt uverkeleg. Mange trudde ikkje det kom til å bli krig, så få hadde førebudd seg. Det var ikkje panikkhamstring, men det låg ei lita uro over landet, seier Kjetil, og held fram: -Då eg kom ned igjen, var det krig. Det merkar ein sjølvsagt, men likevel er det eit stort land, og me reiste mykje rundt. Då ser ein ulikskapar. På TV ser ein dei verste bileta, men situasjonen er ulik rundt om i landet. Dess nærmare frontlinja du kjem, dess meir merkar ein det. Der ligg alvoret tungt, bygg er øydelagde, menneske har mista livet, og mange blir skilde frå kvarandre. Det er få smil.

Kjetil er alvorleg når han fortel. Det gjer noko med menneske å leva i krig, og å sjå det på nært hald. Er det mogleg å seia noko om korleis folk i krigsområda var?



TV2 sin utanriksreportar, Kjetil Iden, er heime i Knarvik etter å ha rapportert frå krigen i Ukraina.

Folk prøver å gjera så godt dei kan. Alle har ei historie, og vår jobb er å formidla historia til folk som har opplevd vanskelege ting. “Mannen i gata” skal få fortelja, det er viktig. Det utfordrande er å få folk til å fortelja om det vonde dei har opplevd. Menneske har sett grusomme ting, og no skal dei fortelja om det. Men folk ønskjer å fortelja, og historia deira må fram. Det å rapportera frå krigsområde er kjempeviktig. Men når me skal snakka med born, er me sjølvsagt veldig forsiktige, og foreldra er tett på, fortel Kjetil. Det er tydeleg at faget og det å ivareta menneska han møter, er førsteprioritet hjå den erfarne utanriksreportaren.

Men sjølv med erfaringa som Kjetil har, lurar eg på kva det gjer med han å reisa til krigsherja område, og andre område som er råka av ulike kriser og katastrofar. Og er han redd?

– Eg er ikkje redd, men det er fordi me har planlagt godt og har tryggleiken og logistikken i forsetet. Me veit kvar me skal, me følgjer ekstremt nøye med på kva som skjer og rører seg, og målet vårt er ikkje å stå der medan bombene regnar over oss. Men det er klart, då me no sist køyrde gjennom Ukraina og pausane gjekk til å fylla bensin og gå på do, og me ein gong tissa rett ved eit varselsskilt mot miner - då er det ikkje akkurat triveleg. Så har me fokus på gruppa me reiser med. Det er viktig at den fungerer, at me kan prata saman og er opne i gruppa undervegs. Det er ein nøkkel, for det er innimellom forferdeleg å høyra på det vonde folk har opplevd, og så måtta redigera det etterpå. Då



er det viktig å snakka saman, jobba seg gjennom det, slik at ein ikkje held igjen og drar med seg eit "spøkelse" heim. Me må vera medvitne om at me møter folk i fullstendig krise, ta dei på alvor, og ivareta oss sjølv på ein god måte. TV2 er proffe, og me har eit godt apparat rundt oss, fortel han.

### Opplevingar som set spor

Så må eg jo høyra med Kjetil kva anna han har vore borti som har sett spor i han. For det å vera utanriksreportar kan vera så mangt: alt frå å dekkja gravferda til store kjendisar, til kongestoff, underhaldningsbransjen, og store katastrofar.

- Eg trivst nok best når eg får reisa og rapportera frå andre ting enn underhaldning. Fint det òg, men det er andre saker som appellerer mest til meg. Ei oppleving som har sett spor, var då han reiste åleine til Thailand for å dekkja historia om det thailandske fotballaget som hadde hamna i ei grotte. TV2 var dei første som fortalde at gutane hadde kome seg ut - det var ei viktig sak å fortelja. Det handlar om å skildra verkelegheita og setja hendingar inn i ein samanheng. Til dømes skal me både fortelja frå perspektivet til menneske som opplever krig, og me skal analysera og visa konsekvensane av krigen, seier Kjetil Iden.



KJETIL IDEN PÅ JOBB: Eit glimt frå Kjetil Iden sin arbeidskvardag som utanriksreportar i krigsramma Ukraina.

### Opplever støtte frå Nordhordland

Kjetil fortel at det alltid er kjekt å koma heim, og at det er mange som har lyst til å høyra korleis han har hatt det når han har vore ute på jobb. Det set han pris på. - Det er mange folk i Nordhordland som følgjer ekstra med og tenkjer på meg, som fortel at dei er litt bekyrma og slikt. Det syns eg er godt å vita, og det gjev meg styrkje å tenkja på at mange bryr seg. Så det vil eg seia tusen takk for!

### Arbeidsbåten MS Glimt klar for oppdrag

Allsidig arbeidsbåt som kan frakte materiell og utstyr til din kai eller i fjæresteinene der du trenger det.

Båten har alle serifføringar i orden, den er også godkjent som slepebåt.

MS Glimt er har et dekkareal på 22 m<sup>2</sup> og en kapasitet på 2 tonn. I tillegg er det en kran med 5 meter rekkevidde. Det er også en kjøterampe som kan legges ned for å frakte f.eks. minigraver, ATV, motorisert trillebår, lift, stillas eller lignende. Båten stikker 1 m djupt.

Ta kontakt på tlf: 4013 6666

Bovågen Service AS  
Borgervegen 16, 5934 Bovågen  
Tlf. 4013 6666

Vi kan levere totalpakker med båttransport, stillas, maskinutleie, tømmer og malere, alt du måtte ha behov for. Vi har personell og utstyr til å bygge/rehabiliterer kaier, naust, hytter og hus.

**Bygg Team**  
VEST AS

Alt innan tømmerfaget!

NY STEIN · OPPUSSING · NAVNETILFØYING

**VESTSTEIN**  
naturstein

Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale  
5918 FREKHAUG - MOB.: 913 13 480

EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE



Torvhusmyrane 6  
Nordhordland Næringspark  
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30  
E-post: post@helland-elektro.no  
www.helland-elektro.no  
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA



**SIKRINGEN**  
- din elektriker

**RISNES**  
**ELEKTRO AS**

Elinstallatør · tlf. 56349620



# PINSE med pensel og palett

Tekst: Øystein Skauge

Illustrasjon: Pinterest

Pinse er høgtida som passar så dårleg i ein prosatekst.

Sjølv har eg mange år bak meg som predikant på pinsedagar. Denne presten klør seg i skjegget, og riv seg i håret, for å finne dei rette orda å løfte fram frå preikestolen når pinsedagen renn. Det er så langt å gå, så stor distanse, til det som hende pinsedagen i Jerusalem. Då rann orda frå læresveinane sine munnar. På flytande framandspråk som dei aldri hadde lært.

Slik var pinseunderet rett og slett eit språkunder. Slik gjorde Gud seg kjend for dei han var ukjend for. Han banka på, og opna opp, hjartedører med ord. «-vi høyrer dei tala om Guds storverk på våre egne tungemål» (Apgj.2,11)

Gud gjekk gjennom dei opne dørene inn til menneska sine liv og tok bustad der med sin Heilage Ande. Slik pustar han på oss, og gjennom oss, for at vårt kristne liv skal leve, også om det kan vere vanskeleg å skildre med vanlege ord.

Ein som har vore flink til å bruke poesien i staden for prosa, er salmediktaren Eyvind Skeie som var i Knarvik i fjor haust. Han har skrivne mange talande salmetekstar om pinse og Den Heilage Ande.

Eg vil gjerne takke Eyvind Skeie for hans hjelp til å opne opp for pinse i våre liv.



Med poesi, sterkare enn prosa. Og med pensel og palett utan å ta desse reiskapane i si hand.

Enkelt, kanskje? Men kven har sagt at Gud er vanskeleg å møte?

Slik diktar Eyvind Skeie pinse for oss: (Eyvind Skeie. 316 salmer og sanger. Nr. 137. v.1-2+4)

Jeg synger om en malermester.  
Han heter Den Hellige Ånd,  
og det han til sitt lerret fester,  
Det skjer ikke bare med hånd.  
Han maler på ditt hjertets tavle,  
det vakreste motiv,  
og når du har sett  
Helligåndens portrett,  
da har du evig liv!

Han maler stille i ditt hjerte,  
med penselen blodig og rød,  
et bilde av den store smerte,  
av Jesus på korset, som død.  
Så tar han frem de gylne farger,  
da stråler hans motiv!  
Ja, når du har sett  
Helligåndens portrett,  
da har du evig liv!

Jeg synger om en malermester,  
han skaper sitt bilde med Ånd,  
Og det han til sitt lerret fester,  
er gjort med Guds mektige hånd!  
Ditt hjerte er hans egen tavle,  
og Jesus hans motiv.  
Ja, når du har sett  
Helligåndens portrett,  
da har du evig liv!

**KNARVIK**  **SENTER**

Møteplassen for handel og kultur

*Gravminne*



- Ring for katalog
- Navnetilføyning
- Gravstell
- Oppussing

**Hageland**  
Eikanger

Sauvågen 251 - 5913 Eikangervåg - tlf 56 35 77 30

# KULTUR- KALENDER

9. juni

**Konsert i Knarvik kyrkje kl. 19.30.**

«Gjennom sorga går ein song.» Flygel/song: Ove Danielsen.  
Billett v/ inngangen kr. 200.

11. juni

**Konsert B Ø N F O R F R E D Manger kyrkje kl 18.00.**

Lydia Hoen Tjore, sopran

Rune Alver, piano

Ein kveld med franske, norske, russiske og ukrainske melodiar  
Billetter kr 250/ 150, barn gratis: <https://ticketco.events/no/nb/admin/events/entities/197689> - og ved inngangen

12. juni

**Konsert med «Håndklokke-kor» i Knarvik kyrkje kl. 19.00.**

Handbell Choirs of University Baptist Church, Minneapolis, Minnesota USA. Kollekt ved utgangen.

19. juni

**Sommarkonsert i Lygra kyrkje kl. 19.00.**

Konserten i år får eit sommarleg og nasjonalromantisk preg.  
Kjersti Møllerup Wiik, sopran; Astrid Skodvin, sopran; Johanne Mjøs, hardingfele/fiolin og Frode Skag Storheim, klaver/ miniforedrag om målareren Hans Dahl. Bill. kr 250 v/ inngang eller tlf.92 66 39 20.

29. juli

**Olsokfeiring på Fjon fjellkyrkje kl 19.00.**

Bål, program og rjomegraut.

Velkomne!

26. august

**Konsert i Knarvik kyrkje kl. 19.00.**

Maj Britt Andersen m/ orkester. Arr.: Musikkens Venner/ Knarvikmila.

28. august

**Gudsteneste på Holmeknappen kl. 11.00 i høve kystsogevekene.**

Ved Bjørn Tore Sæle og Trond Fykse.

## Svar, 15 spørsmål:

1. Tørrfisk. 2. «No livnar det i lundar». 3. Ungarn. 4. Valdresmarsjen. 5. Balesstrand. 6. Elleve, 11. 7. Ca.9,3 mill. 8. Armenia. 9. Rubel. 10. Markens Grøde av Knut Hamsun 11. Moldova. 12. Kl 17:00. 13. Belfast. 14. Den anglikanske kyrkja. 15. "Kor stort min Gud at eg ditt barn får vera"



# Venekontakt

Av Gudveig Kartveit Sundsbø

**Har du lyst å utgjere ein forskjell for nokon som er ny i Noreg og ny i bygda?**

**Me startar opp eit nytt tilbod for menneske med fluktbakgrunn, og treng deg!**

Ein uformell prat mellom NAV og kyrkja i fjor vår sette i gang eit nytt samarbeidsprosjekt. NAV Flyktningetenesta ytra behovet for å støtte dei som kjem nye til Alverbygdene, til å verte ein del av bygda. Kyrkja vil vere med på dette prosjektet, og har sagt seg villig til å koordinere tenesta. Det er blitt til *Venekontakt*.

Me ønskjer at den/dei som kjem til Alver, kan få kontakt med ein person eller ein familie, som kan vere eit bindeledd mellom bygda og dei nytilflytta. Det kan vere å vise dei korleis ein les busstidene, og vise knutepunkt i bygda, som busstopp, post og bibliotek. Ein kan gå turar, ete middag, og spele spel i lag.

Me ønskjer at dei som kjem flyttande til Alver skal kunne kjenne seg inkluderte, og kome på plass i dagleglivet i den nye kommunen og landet sitt. Me trur òg at det kan vere nyttig for oss å bli kjende med nye sambygdingar!

**Kven kan vere venekontakt?**

- Ein person, eit par eller ein familie.
- Du er engasjert, inkluderande og vil møte nye menneske.
- Du treng ikkje vere tilknytt kyrkja.
- Du har høve til å setje av nokre timar i månaden i eit halvt år.

**Korleis fungerer ordninga i praksis?**

Personar/familiar som ønskjer å bli venekontakt, tek kontakt med koordinator for ein første samtale og signering av erklæring om teieplikt. I samtalen går me gjennom kva ein ser for seg som venekontakt, t.d. om forventningar og lengde på oppdraget, og om ein er familie eller vil engasjere seg åleine. Det vert laga ein tidsavgrensa kontrakt på rundt 6 månader.

Er du interessert i å bli Venekontakt? Ring diakon Gudveig Kartveit Sundsbø (koordinator) tlf 938 40 587, eller send ein epost [gs888@kyrkja.no](mailto:gs888@kyrkja.no).

## Feire pinse med ostekake!

Alle høgtider har sine tradisjonar og tilhøyrande mat. Vi har leita litt i meir og mindre heilage tekstar og tradisjonar for å finne kva ein kan servere til pinsefest.

I Apostelgjerningene kapittel 2 kan vi lese om då disiplane fekk Den heilage Ande. Dette skjedde under den jødiske pinsen som heiter Shavuot og som betyr vekkefesten. I 2. Mosebok kan vi lese om då Moses fekk dei ti boda. Den jødiske pinsen er til minne om det, og

samstundes er den ein takkefest for den første kveitehausten som er om våren. Jødane er flinke til å skape glade festar i høgtidene, og dei lagar mat som understrekar innhaldet i høgtida. Festmaten i Shavuot inneheld mykje frukt, kveite-og mjølkemat. Det er lange tradisjonar med ulike ostekaker, og vi presenterer her oppskrift på ei av dei. Oppskrifta har vi funne i boka "Jødiske gleder" av Vera Kommisar (Luther Forlag Oslo, 1998)



### Ingrediensar:

- 375 g kremost naturell
- 100 g sukker
- 3 egg
- 40 g maisennamjøl
- 25 g vaniljekrem (ferdigkjøpt)
- 20 g kveitemjøl
- Rosiner etter smak

Smør ei middels stor ildfast form, og legg bakepapir i botn.

Alle ingrediensar unntatt rosiner blandast godt i ein miksar.

Hell røra i forma. Tilsett rosine.

Sett inn i varm ovn og bak på 150 grader i 40 min.

Pass på at den ikkje vert brent.

Kaka skal vere litt gul.

Kjenn forsiktig etter at ostekaka har stivna.

Den kan etast både lunka og kald.

Server gjerne rørte bær attåt.



**Anne Grethe Rantrud og Solveig Westermoen**

### 15 spørsmål – kyrkjebladet v/ Roald Erling Tjore

1. Kva er Norges eldste eksportartikkel?
2. I kva for ein song står dette: «Då ljøsna det i landet...»?
3. Balatonsjøen ligg i Europa. I kva for eit land?
4. Kva heiter Norges nasjonalmarsj?
5. Kvar ligg Sygna vidaregåande skule?
6. Kor mange fylke er det i Norge no?
7. Kor mange menneske bur det i Israel, ca?
8. I kva land er Jerevan hovudstad?
9. Kva heiter valutaen i Russland?
10. I kva roman finn ein Isak Sellenraa?
11. Kva land vert rekna som Europas fattigaste?
12. Kva klokkeslett byrjar ein å ringja jula inn på julaftan?
13. Kva heiter hovudstaden i Nord-Irland?
14. Desmond Tutu var erkebiskop. I kva kyrkjesamfunn?
15. I kva for ein song står dette: «Eg bed deg: Lei du meg igjennom verda.»?



**NORDHORDLAND  
BEGRAVELSESBYRÅ**

Ditt lokale  
gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR



**DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70**

**Kyrkjevegen 1**  
Alversund

**Havnevegen 31**  
Frekhaug

**Elvavegen 1**  
Dalekvam

**Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver**

**Vi utfører:**

- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk •
- Automatisering •
- Godkjent for kontroll av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / [www.torsvik.no](http://www.torsvik.no) / [post@torsvik.no](mailto:post@torsvik.no)  
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG




# Diakonalt hjørne

Av Gudveig Kartveit Sundsbø

## Å vere god på å gøyme seg....

Heime har me ei barnebok som heiter «Ulla». Den handlar om sauene som vil leike gøymse med flokken sin. Han er nemleg veldig god på å gøyme seg. Men resten av flokken berre ler av han. Er det noko å vere god på? Dei andre har andre eigenskapar som dei fremjer: flinke til å byggje ting, ein er smart, og ein annan er sterk. Men det å gøyme seg? Nei - treng ein egentlig det i flokken? Historia held fram med at Ulla gøymer seg skikkelig godt, men må finne vegen tilbake til flokken sjølv, for dei leiter ikkje etter han. På vegen tilbake finn han gode vener. Desse venene set pris på at Ulla er god på å gøyme seg.... Det viser seg at flokken treng nettopp ein slik.

Det minner meg om Bibelhistoria om Jesus som settar 5000 menneske ved Galileasjøen. Etter å høyrte Jesus tale, er menneska svoltne. Disiplane foreslår å sende menneska heim så dei kan ete. Ein liten gut kjem fram og viser matpakka si. Kanskje nokre av disiplane der flirte av guten. Kva er det han trur han kan kome med? To små fiskar og fem små brød. Skal det liksom hjelpe? Tenk om han hadde tenkt det same før han reiste seg opp for å vise fram matpakka si. Kva kan eg bidra med, det er jo berre ei lita matpakke?...



I Diakonens hjørne skriv eg, som diakon, om det diakonale arbeidet i kyrkja på Radøy. I år brukar eg dei 4 emna som definerer diakoni i Den norske kyrkja for å presentere breidda i diakoniarbeidet. Ta gjerne kontakt med meg om du vil gje innspel om diakonalt arbeid i kyrkja: Gudveig Kartveit Sundsbø. Sjå kontaktinfo bakerst i bladet.

Det er sikkert andre som har meir mat dei kan dele, eller har andre gode idear. Hans bidrag vart - utruleg nok - rikelig nok til å mette alle desse menneska, gjennom Jesu under. Men det var behov for guten sitt initiativ.

Me er kanskje fleire som kjenner oss igjen i desse alternative tankane til guten. Det er vel slik at me til tider tenkjer at andre kan bidra mykje betre enn eg. Men kva veit me? Kanskje det er nettopp det vesle initiativet som trengst for at det skal skje noko stort?

## VIKAR I DIAKON-STILLINGA

Kari Marie Gurvin-Molvik skal vikariera for diakon Gudveig Kartveit Sundsbø som skal ha svangerskapspermisjon. Kari Marie er frå Sogndal og bur no i Austmarka. Ho tek til i stillinga 1. juni. Me kjem tilbake til nærare presentasjon.

# VINDAUGA

I denne spalta opnar me vindauga til menneske i andre delar av verda

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

## Kva ser me?

Ei indianarkvinne frå Peru møter oss her. Som stolt representant for quechua-folket har ho funne fram finstasen sin og pynta seg med flott hatt, kanskje ein flosshatt? Den lange fletta ligg som eit smykke på skuldra. Og så smilet, då, det breie, trygge smilet.

Og så ser eg noko som eg ikkje ser. For tanngarden seier noko om at det er langt mellom tannlegar i dette området av Andesfjella.

Det får meg til å tenkja: Er det slik når eg møter andre menneske óg? Er det ein «app» inni meg som automatisk får meg til å sjå det eg ikkje ser - eller det eg ikkje er van med, men som eg meiner er vanleg?

Det er viktig å leggja merke til det som ikkje er der når det gjeld noko som må gjerast noko med, og som eg eller andre kan ordna.

Men ser eg alt det som verkeleg er der, eller ser eg det eg ikkje ser?

**Når eg opnar vindauga ut mot verda, opnar eg også vindauga inn til meg sjølv.**



# Slekters gang

## Radøy

### Døyppte

20.02.2022 i Manger kyrkje, Mio Lillemoen-Marøy  
27.02.2022 i Hordabø kyrkje, Kristoffer Hamre Floen  
27.02.2022 i Hordabø kyrkje, Alexander Ali Soltveit  
06.03.2022 i Manger kyrkje, Emma Haugland Rosslund  
13.03.2022 i Sæbø kyrkje, Emilie Squibb Marøy  
20.03.2022 i Hordabø kyrkje, Filip Marøy Paulsen  
10.04.2022 i Sæbø kyrkje, Anton Nygård Kvamme  
10.04.2022 i Sæbø kyrkje, Ailo Myking Frotaule  
24.04.2022 i Hordabø kyrkje, Viktor Marøy Bø  
01.05.2022 i Manger kyrkje, Jenny Gunnarsen Haugland  
01.05.2022 i Manger kyrkje, Amanda Tjore Mjøs  
01.05.2022 i Manger kyrkje, Maria Tjore Mjøs

### Vigde

26.03.2022 i Hordabø kyrkje, Elisabeth Sigaard og Alf Haugland

### Gravlagde

18.02.2022 i Manger kyrkje, Jon Vikøren  
25.02.2022 i Hordabø kyrkje, Åse Taule Pettersen  
01.03.2022 i Hordabø kyrkje, Olga Fjellstad  
08.03.2022 i Hordabø kyrkje, Gunstein Nordanger  
11.03.2022 i Sæbø kyrkje, Anita Olsvoll  
15.03.2022 i Emigrantkyrkja, Dagfinn Thomassen  
29.03.2022 i Sæbø kyrkje, Norvald Erling Askeland  
01.04.2022 i Sæbø kyrkje, Borghild Malene Storheim  
01.04.2022 i Hordabø kyrkje, Laila Lilletveit  
05.04.2022 i Hordabø kyrkje, Rannveig Astrid Marøy  
05.04.2022 i Manger kyrkje, Henny Sture  
08.04.2022 i Sæbø kyrkje Sigbjørn Tjore  
19.04.2022 i Hordabø kyrkje Eva Karin Njøten  
20.04.2022 i Sæbø kyrkje Karl Kvamme  
22.04.2022 i Emigrantkyrkja Lillian Karin Straume  
26.04.2022 i Sæbø kyrkje Marit Olsvold  
29.04.2022 i Sæbø kyrkje Britha Eli Frøystein Lunde

# Bøn for fred

## Konsert

Lydia Hoen Tjore, sopran Rune Alver, piano

Ein kveld med franske, norske, russiske og ukrainske melodiar

Manger kyrkje laurdag 11. juni kl. 18.00

Billettar kr 250/ 150, barn gratis: <https://ticketco.events/no/nb/admin/events/entities/197689> - og ved inngangen



**TAKK** for god innsats til Kristin Blindheim Brakstad som har vikariert som administrasjonssekretær på Radøy kyrkjekontor i tida 26.04.2021 - 01.06.2022.

**VELKOMEN** til Gyda Matland som tok til i denne stillingen 23.05.2022. Me kjem tilbake til nærare presentasjon av Gyda.

## TAKK FOR MINNEGÅVA

på kr 29.450 som vart gjeven til Hordabø kyrkje i samband med Laila Karen Lilletveit si gravferd

## VISSTE DU DETTE?

- at det er fem sokn i Alver
- at 2020 var første påskehelga på nesten 1000 år det ikkje var gudstenester i kyrkjene
- at på Moster vert det 1000-års-jubileum for Kristenretten i 2024, den som var starten på rettsstaten og demokratiet i Noreg
- at kristendom er den religionen i verda som har høgast medlemstal med 33%
- at islam har nest høgast medlemstal med 23 %
- at i 2021 var havtemperaturane dei høgaste som nokon gong er registrerte
- at havnivået har stige med 4,5 mm pr år dei siste åtte åra, noko som går ut over millionar av menneske som bur langs kysten

# Tankestrek

Av Wilco Vogelaar

Heilt frå eg var ung, har eg sett på meg sjølv som ungdom. Men no, når eg har ungdomar sjølv, har dei fortalt meg: "Nei, pappa, du er ingen ungdom. Du er gammal".

Det er ulempa med å ha ungdom i huset. Eg får ei realitetsoppdatering når eg speglar meg i mine egne ungdomar: Eg har vorte litt treig...

Men så er det óg utruleg kjekt å ha ungdom i huset. Ungdommar har evne til gi noko som barn ikkje kan gi, og som heller ikkje vaksne kan gi. Som eit vindaug i tid som opnar seg berre ei stund. Dei er som ein frisk pust som kjennest som ein vår. Dei kjem med glede, humor, tull og tøys. Nokre gonger kjem dei med kritikk. Det er berre sunt. Bra at dei tør!

Eg må innrømme at eg var litt redd ungdom då eg starta med konfirmantundervisning. Det var lenge sidan eg sjølv var ungdom. Når eg tenkte tilbake på denne tida, var eg ikkje alltid like enkel å ha med å gjera. Korleis er det å møta dagens ungdom?

Desse spørsmåla blei fort gløymde. Det var jo berre å hiva seg inn i oppgåva: Å gje dei "Guds ord." Desse forteljningane som er ein del av historia vår, som har forma kulturen vår, og ikkje minst: som har forma mitt eige liv. Forteljningane om skapinga, Abraham, Guds folk i øydemarka. Om Jesus og påske, då Jesus vart lagt i grava og stod opp att og møtte Maria, Thomas, Peter... Forteljninga om korleis Den heilage ande kom som ein vindpust, som ein vår og sette hjarta i brann.

Av og til kjenner eg denne pusten når vi er samla med konfirmantane rundt lysgloben og syng "Gi meg Jesus". Og plutseleg føler ein seg ikkje så gammal likevel.



## DEN NORSKE KYRKJA

### Radar:

Radøy kyrkjekontor Idrettsvegen 1 A, 5936 Manger

### Opningstid:

Tysdag – onsdag kl 10.00 – 14.00.

### Telefon:

4000 1691

kvar dag kl 10.00 – 14.00.

post.radoy@kyrkja.no www.kyrkja.no/radoy

### Facebookside:

radoykyrkjelyd

### Kontonummer:

3636 07 04682

### Vipps:

24042

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

### Alver kyrkjelege fellestråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace

jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellestrådet:** Grethe Lunde,

gr-lunde@online.no

**Soknerådsleiar Radøy:**

Gunnar Kartveit

gunnar@kartveit.com

### Radar

**Utgjevar:** Soknerådet i Radøy

sokn, i samarbeid med Meland

sokn, Knarvik sokn, Osterfjorden

sokn, Mo sokn og Lindås sokn.

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger

Lokal redaksjon: Gunnar Kartveit

og Håkon Glatved-Prahl.

**Grafisk design:** Simen Søvik

**Trykk:** Bodoni AS

**Framsidedeilete:** Håkon Glatved-

Prahl



**Audun Sylta**

Dagleg leiar Radøy og Lindås  
901 95 179



**Helge Taranrød**

Prost  
415 28 318



**John Fredrik Wallace**

Kyrkjeverje  
482 84 872



**J. William Kay**

Organist I/Rådgevar  
915 91 482



**Frode Skag Storheim**

Organist II  
948 38 985



**Gudveig Kartveit Sundsbø**

Diakon  
938 40 587



**Wilco Vogelaar**

Kyrkjelydspedagog  
479 73 670



**Kjell Johan Sekkingstad**

Sokneprest  
951 41 360



**Gyda Matland**

Administrasjonssekretær  
400 01 691



**Arne Palmesen**

Kyrkjegardsarbeidar  
911 53 484



**Monica Haukeland**

Kyrkjetenar  
966 97 814



**Håkon Glatved-Prahl**

Kyrkjetenar  
900 89 450



**Eirin Beate Åserud-Løvlid**

Dirigent Radøy damekor  
943 36 779

# GUDSTENESTE- KALENDER

## 5.juni

Manger kyrkje 11:00  
Pinsedag  
Knut Fredrik Sørheim,  
Vegard Soltveit og John  
William Kay

## 6.juni

”Katedralen” på Bø 11:00  
2. pinsedag  
Knut Fredrik Sørheim.  
Friluftsgudsteneste

## 12.juni

Tjorehagen 11:00  
Treeiningssundag  
Kjell Johan Sekkingstad.  
Friluftsgudsteneste

## 19.juni

Manger kyrkje 11:00  
2. søndag i treeiningstida  
Knut Fredrik Sørheim, Frode  
Skag Storheim

## 26.juni

Hordabø kyrkje 11:00  
3. søndag i treeiningstida  
Knut Fredrik Sørheim, Frode  
Skag Storheim

## 3.juli

Emigrantkyrkja 11:00  
4. søndag i treeiningstida  
Ole Marton Ølberg, Gary  
Nicholson, Boris Nikolaevich  
Kuprijanov  
Utvandringsfestival

## 17.juli

Manger kyrkje 11:00  
6. søndag i treeiningstida  
Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn, Boris  
Nikolaevich Kuprijanov

## 31.juli

Manger kyrkje 11:00  
8. søndag i treeiningstida  
Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn, John William  
Kay

## 7.august

Sæbø kyrkje 11:00  
9. søndag i treeiningstida  
Kjell Johan Sekkingstad,  
John William Kay

## 14.august

Manger kyrkje 11:00  
10. søndag i treeiningstida  
Konfirmantjubileum

## 21.august

Hordabø kyrkje 11:00  
11. søndag i treeiningstida

## 28.august 2022

Manger kyrkje 11:00  
12. søndag i treeiningstida  
Kjell Johan Sekkingstad.  
Presentasjonsgudsteneste

## 4.september

Sæbø kyrkje 11:00  
13. søndag i treeiningstida

## 11.september

Manger kyrkje 11:00  
Vingardssundagen

## 18.september

Hordabø kyrkje 11:00  
15. søndag i treeiningstida

## 25.september

Manger kyrkje 11:00  
16. søndag i treeiningstida  
Familiegudsteneste med  
utdeling av 4-årsbok

## DET SKJER:

Babysong, Rasteplassen.  
Kvar tysdag kl 10:30:  
For born og foreldre  
(sommarferie)

Kvardagsmiddag for alle,  
Rasteplassen. Annankvar  
onsdag, partalsveker,  
kl 16-17. 20 kr pr person.  
Påmelding tlf 938 40 587  
eller [minkirkeside.no/radoy](http://minkirkeside.no/radoy)  
(NB: Siste før sommaren:  
1. juni)

Barnekor 4 - 7 år,  
Manger kyrkje, kyrkjestova.  
Annankvar onsdag,  
partalsveker, kl 17-17:45  
(Sommarferie)

For meir info:  
[Sjå kyrkja.no/radoy](http://Sjå.kyrkja.no/radoy)

Frode Skag Storheim  
takkar for seg etter å ha  
gjeve oss gode musikalske  
opplevingar i vel 7 år som  
organist i kyrkjelyden vår.  
Saman med eit knippe  
gjestar gjev han ein  
vakker og variert konsert  
i Manger kyrkje søndag  
26. juni kl 18. Slik vil altså  
Frode takka for seg, og  
me vil takka han.

Gratis inngang, kollekt til  
kyrkjemusikalsk arbeid.



Sæbø kyrkje



Manger kyrkje



Emigrantkyrkja



Hordabø kyrkje